



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332
Hermund Mjelstad, 5764 3124
Daniel Almhjell, 5557 2150

Fråsegn til revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget i kommunane Modalen, Vik, Vaksdal og Høyanger

Reguleringa av Steinslands-/Modalsvassdraget og Ortneviksvassdraget produserer klimavenleg energi, og har stor samfunnsnytte. Konesjonane vart gitt på eit tidspunkt då natur og friluftsliv vart tillagt mindre vekt enn i dag, og konsesjonsvilkåra skal moderniserast til dagens miljøstandard.

Statsforvaltaren meiner det bør komme inn eit krav i konsesjonen som sikrar at vasstandsreduksjon i Moelva ikkje skjer for raskt, og tilstrekkeleg minstevassføring for sikker tovegs vandring i fisketrappa i Hellandsfossen.

Vi viser til oversendinga av 6. juli 2021 som gjeld høyring av revisjonsdokumentet for Steinslands-/Modalsvassdraget. Statsforvaltaren fekk utsett frist til 1. februar 2022.

Innleiing

Eviny Fornybar AS (Eviny) har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne revisjonskrav og føringar frå Noregs- vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dokumentet omtalar ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegn gje grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonesjonar omtalt som «*et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.*» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak, som kan vere slepp av minstevassføring, miljøtilpassa driftsvassføring eller restriksjonar for fylling av vassmagasin. Det vil vidare bli innført moderne standardvilkår.

Statsforvaltaren vil kommentere reguleringspåverknaden på allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv, og vil foreslå minstevassføring og andre avbøtande tiltak som bør fastsetjast i konsesjonsvilkåra. Etter den nye arbeidsdelinga innan miljøsektoren, er ansvaret for anadrome



laksefisk og villrein i denne høyrings-saka løfta opp til Miljødirektoratet. Som sektormyndede for landbruk vil vi òg kommentere landbruksdrifta i området.

Vassforskrifta

Føremålet med vassforskrifta er «... å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og berekraftig bruk av vannforekomstene.»

NVE rapport 49/2013 har mellom anna peikt på Steinslands-/Modalsvassdraget som vassførekomst der aktuelle tiltak er magasinrestriksjonar og vurdere eksisterande minstevassføringskrav. I godkjenningbrevet av 4. juli 2016 frå KLD, er Moelva ført opp på vedlegg 2, vassførekomst med miljømål som kan føre med seg krafttap.

Vedlegg 1 til denne fråsegnen er ein tabell som viser påverka vassførekomstar i reguleringsområdet, som har tiltak knytt til vassdragsreguleringa.

Anadrom laksefisk

Revisjonen omfattar to anadrome vassdrag: Moelva og Ortnevikvassdraget. Vi vil i hovudsak berre kort omtale laks og sjøaure, og viser til utfyllande omtale frå Miljødirektoratet.

Moelva: Laksestamma i Moelva er under reetablering, etter å ha gått tapt på 1970-talet grunna forsuring. Frå 2014 har det årleg blitt planta ut store mengder rogn av Vossolaks frå genbank. Kalking av vassdraget starta i 2016. Opphavleg anadrom strekning i Moelva var opp til Hellandsfoss, 6,3 km frå Mofjord. Med fisketrappene i/forbi Hellandsfoss, gummiluka og Rekefossen, kan anadrom fisk i dag potensielt vandre opp i Steinslandsvatnet med innløpsbekkar/elvar, om lag 24 km¹. Det er gjennomført årlege undersøkingar i vassdraget sidan 1993, med bl.a. undersøkingar på ungfisk, gytefiskteljing, flaskehalsundersøkingar, og gassovermetning.

I Moelva nedstraums Hellandsfoss er det utfordringar knytt til gassovermetning, hurtige vasstandsendingar og endra sedimentdynamikk som følgje av reguleringane².

Brå vasstandsending nedstraums Hellandsfoss kraftverk er ei utfordring for laks og sjøaure. Driftsproseduren til Eviny skal sikre at vasstandsreduksjon ikkje skjer raskare enn 13 cm i timen. Dette bør inn som eit krav i ny konsesjon. Grensa bør evaluerast over ein femårs periode, og maksgrensa må kunne endrast om evalueringa viser at det er grunnlag/behov for det.

For at uføresette stopp ikkje skal få negativ verknad på anadrom fisk nedstraums Hellandsfoss, bør det vurderast omløpsventil i Hellandsfoss kraftverk. Gassovermetning er framleis ei utfordring nedstraums Hellandsfoss. Så lenge det er utfordringar med gassovermetning og brå vasstandsendingar nedstraums Hellandsfossen, vil kraftverket kunne påverke produksjonen av anadrom fisk negativt. Fisketrappa skal kompensere for dette, men det er då viktig at fisketrappa fungerer for både opp- og nedvandring av smolt, gytefisk og vinterstøingar. Det er ikkje tilfelle i dag, og vi meiner det bør innførast krav om minstevassføring i trappa for å sikre dette. Kva vassmengd, og i kva periodar trappa må vere open for å sikre tovegsvandring av smolt, gytefisk og vinterstøingar, må undersøkast.

I tillegg til Eviny sitt anlegg i Hellandsfossen, driv Modalen kraftlag Hellandsfossen kraftverk med inntak i Hellandsfossen. Dette er eit konsesjonsfritt kraftverk, og som potensielt kan ha stor negativ påverknad på nedvandrande fisk (gjennom turbin).



Ortnevikvassdraget: Delar av nedbørsfeltet (Tuledalen) er overført til Åsebotn. Ved vandringshinderet i Vesleelva, er om lag 20 prosent av det opphavlege nedbørsfeltet fråført. Vassdraget har ei stamme av sjøaure, og førekomst av laks. Det er ikkje undersøkt korleis reguleringa har påverka stamma av sjøaure i vassdraget. Bruk av standard naturforvaltningsvilkår vil kunne svare på dette.

Villrein

Generelt er det dårleg/lite vinterbeite i Fjellheimen, men godt/mykje sommarbeite. Dyra er i godt hald og har vore lite råka av sjukdom/ parasittar. Ei utfordring er krevjande vinterforhold med tidvis stor skredfare. Bestandsmålet er på rundt 500 vinterdyr. Mange gamle fangstminne viser at reinen har vore viktig i Fjellheimen i lang tid. Dei konkrete verknadane av kraftutbygging på villreinbestandane er i mange område usikre. Generelt er det vanleg å peike på at gamle trekkruiter er demde ned, og at dette i kombinasjon med t.d. anleggsvegane, har ført til at reinen er avskoren frå å nytte områda eller må endre heile områdebruken. Ofte er det òg ein kombinasjon mellom utbygging, anleggsvegar, auke i ferdsel og lettare tilgjenge for både grunneigarar og andre, som til saman fører til innskrenking av reinen sine leveområde.

I ei tid der mange av dei norske villreinbestandane er hardt pressa av m.a. sjukdom, arealnedbygging og andre inngrep, er villreinbestanden i Fjellheimen i tilsynelatande god kondisjon, men den siste tida har det også her vore nedgang i dyretalet som ein ikkje kjenner årsakene til. På bakgrunn av dei mange negative faktorane som verkar inn på dei norske, fragmenterte villreinbestandane, meiner vi at reinen i Fjellheimen er av endå større verdi i dag enn tidlegare. Det er derfor viktig å ta vare på kvalitetane i området, og om mogleg redusere/fjerne nokre av dei eksisterande negative faktorane som finst.

Trekk og passasjer/flaskehalsar

I Fjellheimen kan villreinbestanden delast inn i tre «delbestandar»: Kringsdalsområdet, Volaområdet og Vikafjellet. Geografisk kan dei tre delbestandane delast opp i fire område, Kringsdalen, Vola, Stølsheimen og Vikafjellet. Dersom vi ser på moglege negative effektar av kraftutbygginga kan Kringsdalsområdet utelukkast, sjølv om det går ei kraftline tvers gjennom området.

Stølsheimen har vore eit sentralt område for villreinbestanden, med gode sommarbeite og noko mindre vinterbeite³. Alle opplysningar peiker på at det alltid har vore stor utveksling av dyr mellom Stølsheimen i vest og vikafjellsområdet i aust, eit område som i dag er delt av Vikafjellsvegen. Ut frå denne vegen går det anleggsvegar sentralt inn i villreinområda på begge sider. I tillegg er det veg inn til Holskardvatnet og til Skjerjevattnet. Anleggsvegen inn til Kvilesteinsvatn og til Holskardvatn når nesten over i kvarandre og skjer gjennom nesten heile Stølsheimen. Mykje bruk av desse vegane kan derfor få innverknad også på villreinen sin bruk av områda. Av større magasin i vest er Kvilesteinsvatnet, Vassøyane, Holskardvatnet, Askjelldalsvatnet og Skjerjevattnet. I aust er Muravatnet det største magasinet. I dei seinare åra har aktiviteten av rein vore mindre i dei sentrale delane av Stølsheimen, men det er uklart om dette har samanheng med kraftutbygginga, anleggsvegar og ferdsel, eller om det er regulære skifte av områdebruk som er vanleg hjå villrein.

Standard naturforvaltningsvilkår gir moglegheit til å kunne pålegge undersøkingar, som til dømes i kva grad reguleringane har negative effektar på trekket til villreinen, og om det kan gjerast avbøtande tiltak. Eit døme kan vere om reguleringsmagasina har påverka, innsnevra eller ført til at trekkpassasjane har gått ut av bruk. Vidare vil det vere av interesse å få tal på kor mykje anleggsvegane blir brukt, og kor tid på året dei blir brukt. Det kan òg vere relevant å sjå på fotturistane sin bruk av sti/vegar (ved bruk av ferdselsteljarar) og om desse overlappar/er i konflikt med villreinen sine trekkpassasjar.



Det kan vurderast å opprette eit villreinfond, som eit supplement til bruken av standard naturforvaltningsvilkår. Eit eventuelt villreinfond kan ikkje erstatte pålegg heimla i naturforvaltningsvilkåra.

Anna viktig naturmangfald, landskap og friluftsliv

Det er registrert mange raudlista artar innfor reguleringsområdet. Av desse vurderer vi at det i hovudsak er villrein og laks som krev særskilt merksemd i revisjonsprosessen.

Stølsheimen landskapsvernområde ligg delvis inne i reguleringsområdet. I tillegg er det registrert fleire naturtypar langs og i Modalsvassdraget, som til dømes lokalitetane Vika og Tjørnane, begge lokalt viktig (Naturbase).

Innafor reguleringsområdet er det store særskilte viktige friluftslivsområde som Stølsheimen og Solrenningen (Naturbase). I området er det eit stort nettverk av merka ruter og hytter, som er mykje brukt av lokale og tilreisande. Området langs Modalsvassdraget er og mykje nytta av turgåarar og er av kommunen registrert som særskilt viktig naturområde.

I gjeldande konsesjon er Store Norddalsvatnet regulert med 5 m. Eviny ønskjer å auke fri regulering av vatnet frå 5 m til 10 m om sommaren. Det går ein merka tursti i Norddalen som ein kan følgje opp til Norddalshytta, i sørvestleg del av Store Norddalsvatnet. Auka fri regulering av vatnet sommarstid, kan redusere opplevingsverdien i området.

Ved revisjonen av konsesjonsvilkår vil det vere viktig å sikre heimelsgrunnlag for at regulanten skal bidra til å oppretthalde bruks- og opplevingsverdiar i området, og eventuelt kunne påleggjast kompenserte tiltak og tilretteleggingstiltak. Vi legg til grunn at standard naturforvaltningsvilkår vil sikre dette.

Landbruk

Det er generelt lite jordbruksareal innanfor konsesjonsområdet. Det meste av jordbruksareal finn ein i dalbotnen i Modalen ved Hellandsfossen og oppover mot Steinslandsvatnet. Lenger sør finn ein òg jordbruksareal i Eksingedalen og oppover mot Grøndalsvatnet. Og i Ortnevik er det om lag halvanna kvadratkilometer med jordbruksareal.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget kan vere positive for beitenæringa med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i fjellområdet, men vi reknar med at dette har vore vurdert, og er kompensert i skjønnet etter utbygginga.

Det er fleire vassførekomststar i eller ved det regulerte område som er registrert som sterkt modifiserte og jordbrukspåverka i Vann-nett. Dette inkluderer vassførekomsten med id 064-388-R i Modalen, vassførekomstane 063-181-R og 063-190-R i Eksingedalen, vassførekomsten 067-2129-L i Stordalen og 069-95-R i Bjordal.

Konklusjon/tilråding

For at miljøtilhøva kjem meir i tråd med dagens standard, legg vi til grunn at følgjande vert innarbeidd i konsesjonen:

1. Krav om at vasstandsreduksjon ikkje skal skje raskare enn 10 – 13 cm i timen i Moelva nedstraums Hellandsfoss. Grensa for vasstandsvariasjonar skal evaluerast innafor ein 5 års



periode. Maksimal vasstandsvariasjon kan endrast om evalueringa viser at grensa har medført, eller vil kunne medføre alvorlege strandingsproblem for fisk eller botndyr.

2. Krav om tilstrekkeleg minstevassføring i fisketrappa i Hellandsfossen for å sikre opp- og nedvandring av smolt, gytefisk og vinterstøingar.
3. Vurdere behovet for omløpsventil i Hellandsfoss kraftverk.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|------------------------|----------------------------|------|------------|
| Modalen kommune | Postboks 44 | 5729 | MODALEN |
| Vaksdal kommune | Konsul Jepsensgata 16 | 5722 | DALEKVAM |
| FNF Hordaland | | | |
| Vik kommune | Postboks 134 | 6891 | VIK I SOGN |
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Høyanger kommune | Postboks 159 | 6991 | HØYANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

Referansar:

1. Norce LFI rapport nr. 340. Modalselva – Langsiktige undersøkelser av laks og sjøaure i perioden 2006 – 2016 («LIV II»).
2. Norce LFI rapport nr. 389. Hellandsfoss kraftverk i Modalselva – effekter på fiskebiologiske forhold.
3. NVS rapport 28/2020. Fjellheimen villreinområde. Kartlegging og arealbruk.

Vedlegg 1. Tabell med vassførekomstlar med tiltak knytt til påverknaden frå vassdragsreguleringa.

| Vassførekomst | ID | SMVF | Tilstand | Miljømål | Tiltak og status |
|--|-----------|------|----------|------------------|---|
| Moelva oppstrøms inntak Hellandsfoss kraftverk | 064-392-R | JA | MØP | GØP | <ul style="list-style-type: none"> - Miljøbasert vassføring på strekkja Homura – Hellandsfossen – Planlagt - Tiltak for å gjenskape (opphavleg) temperaturregime i Modalselvi – Planlagt - Tiltak for å betre fiskevandring forbi Hellandsfossen, opp- og nedvandring - Planlagt |
| Moelva inntak Hellandsfoss kraftverk - inntak Hellandsfossen kraftverk | 064-390-R | JA | MØP | GØP (etter 2033) | <ul style="list-style-type: none"> - Miljøbasert vassføring på strekkja Holmura – Hellandsfossen – Planlagt - Tiltak for å gjenskape naturleg (opphavleg) temperaturregime i Modalselvi – Planlagt - Tiltak for å betre fiskevandring forbi Hellandsfossen opp- og nedvandring – Planlagt |
| Moelva nedstrøms inntak Hellandsfossen kraftverk | 064-388-R | JA | DØP | GØP (etter 2033) | <ul style="list-style-type: none"> - Miljøbasert vassføring på strekningen Holmura – Hellandsfossen – Planlagt - Tiltak for å gjenskape naturleg (opphavleg) temperaturregime i Modalselvi – Planlagt - Tiltak for å betre fiskevandring forbi Hellandsfossen opp- og nedvandring – Planlagt |
| Åsbotnelva nedstrøms inntak | 064-364-R | JA | MØP | MØP | <ul style="list-style-type: none"> - Støselva/Modalsvassdraget vilkårsrevisjon - Avvist |
| Støselva | 064-362-R | JA | MØP | GØP | <ul style="list-style-type: none"> - Støselva/Modalsvassdraget vilkårsrevisjon - Avvist |